Årsmelding

Skoleåret 2021-22



Borgund vidaregåande skole

1. Rektor har ordet

Borgund vgs er ein rein yrkesfagskole, og ligg på Fremmerholen i Spjelkavik, om lag ei mil aust for Ålesund sentrum. Skolen rekrutterer i hovudsak elevar frå nordre Sunnmøre, men på grunn av mangfaldet i programområda har vi elevar frå heile fylket. I vanleg vidaregåande har skolen 60 klasser med om lag 885 elevar. Det vert undervist innanfor 34 programområde (dvs ulike læreplanar).

Skolen har også mange elevar som treng meir tilrettelagt undervisning og som har heilt individuelle læreplanar. Desse er organiserte i to eigne avdelingar, og skoleåret 21-22 var det til saman 44 elevar på ATO/YO.

Skulen har også vaksenopplæring gjennom BORK -karriere og kompetanse. Det vart handsama 112 søknadar om vaksenrett, 48 fekk innvilga retten. 37 vaksne vart realkompetansevurdert i til saman 77 fag i løpet av året. Det vart gjennomført 6 kurs i programfag innanfor Helse- og oppvekstfag (85 deltakarar), i tillegg kom kurs i matematikk (23), naturfag (25), engelsk (24), norsk (27) og samfunnsfag (27).

Borgund vgs har ansvaret for skuletilbodet for innsette ved Ålesund Fengsel. Dei kan få undervisning i enkeltfag på vidaregåande nivå. Skuleåret 2021/2022 vart det gitt tilbod i faga: engelsk, matematikk, naturfag, samfunnskunnskap, norsk, kroppsøving og YFF i restaurant og matfag. Totalt 25 elevar fekk opplæring i 2021.

UPA-skolen kom også inn under Borgund vgs hausten 2021. Her er det 7 tilsette. Skoleåret 21-22 var det 42 elevar som fekk skoletilbod medan dei var pasientar på UPA; 7 frå barnetrinnet, 19 på ungdomstrinnet og 16 frå vidaregåande. Av desse var 43 jenter og 8 gutar. Enkelte av elevane hadde fleire opphald på UPA gjennom skoleåret.


Også skoleåret 2021-22 vart prega av pandemien. Vi starta opp på «gult nivå», og stadige skifter mellom dei ulike nivåa av smittevernstiltak var krevjande for både lærarar og elevar. Det første halvåret var det berre sporadisk smitte, men karantenereglar medførte mykje fråvær for både elevar og tilsette. Det var først på seinvinteren at vi fekk den store bølga av sjukdom i personalet. Grunna pandemien vart det heller ikkje dette året sendt elevar på arbeidspraksis i utlandet.

Dette skoleåret vart det nye skoleadministrative systemet VIS innført. Det gjekk ikkje heilt på skinner, og kombinert med nokre sjukmeldingar vart dette svært krevjande for både lærarar og leiarar. Samstundes vart Teams teke i bruk som læringsplattform. Kanskje ei lukke i ein pandemi med tidvis digital undervisning, men også mykje nytt på ein gong.

I november kom skolen i fokus på grunn av praksisen med å skrive avtale og gjennomføre rustesting av elevar. Slik testing er ikkje heimla i lovverket, og skulle ha vore avslutta. Bakgrunnen for rustesting skriv seg minst 15 år tilbake i tid, og var eit av tiltaka for å hjelpe elevar ut av rusmisbruk. Som skole er det utfordrande å ha ansvaret for elevar i praksis med

anleggsmaskiner, livsfarlege dreiebenkar eller sårbare pasientar og brukarar, utan at vi kan vere trygge på at elevar ikkje er rusa. Dei siste åra har det berre vore 2-3 elevar som faktisk har blitt rustesta, og då etter informasjon frå politi, barnevern eller føresette.

Skolen sin Handlingsplan tek utgangspunkt i både Oppdragsavtalen og det som skulen sine organ opplever som viktig ut frå sine ståstadar.



Rett før jul kom beskjeden om at vi var godkjent som en «Dysleksivennlig skole». Dette var noko som vi hadde arbeidd målretta for i fleire år, mellom anna etter påtrykk frå Skuleutvalet.

Elles var det også gledeleg at Elevundersøkinga viste at talet på elevar som vart mobba endeleg var på veg nedover.

Jørgen Ljoså
rektor

2.1 Organisasjonen

Borgund vgs har ei stor leiargruppa, med 13 avdelingsleiarar i tillegg til rektor og ass.rektor.
I leiargruppa sit det 6 menn og 9 kvinner. 40% av leiarane er over 60 år.
Skoleåret 20-21 har Borgund vgs hatt konstituert leiing, då rektor har vore i ei rolle som programleiar for nye digitale arbeidsformer i fylkeskommunen.




Borgund vgs hadde 235 tilsette. Av desse er 60,8 % kvinner og 39,2 % menn. Prosentdelen av mannlege tilsette har gått opp med om lag 1 % frå året før.
Det er stor breidde og djupne i kompetansen på skolen. Vi har tilsette frå 16 land, både innanfor det pedagogiske personalet og i driftspersonalet. Dette meiner vi er ein stor styrke for skolen.

Driftspersonalet består av desse faggruppene:
Reinhald - skolen driftar reinhaldet med 7 reinhaldarar.
Kantine - skolen driftar eiga kantine med tre kantinemedarbeidarar og ein fagleiar.
Merkantil avdeling blir drifta av ein leiar, 5 konsulentar og 1,4 sekretærar.
Bibliotek - er organisert under elevtenesta. Skolen har ein spesialbibliotekar i 100% stilling.
IKT – IT- personalet på Borgund er organisert i Team brukaroppleving, som er eit av fleire team i IT seksjonen. Dei vert leia av leiar for dette teamet. Personalet deltek i vaktordningar for teamet og gir brukarstøtte til mange andre skoler.
Teknisk drift - har ein fagleg leiar og 2 driftsteknikarar som for det meste har arbeidet sitt på skolen. Teknisk drifter organiserte under BYE. Samarbeidet mellom skolen og teknisk drift blir regulert gjennom SLA (Service Level Agreement)
Skolen har ansvar for utleige og drift av Borgundhallen og har tilsett tilsynsvakt.

Pedagogisk personale - Det pedagogiske personalet på skolen utgjer 139,9 stillingar (inkludert ramme 37) fordelt på 152 personar.
Fagarbeidarar - I tillegg har skolen fagarbeidarar som er utdanna innanfor utdanningsprogramma og er ei god hjelp for lærarane, dei utgjer til saman 13 personar med til saman ca 10 årsverk.
I arbeidet med enkeltelevar som har eigen opplæringsplan, er talet 20 personar i 16,3 årsverk.

Aldersfordeling i personalet:



2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Tal på elevar

	2021-22
Bygg- og anleggsteknikk	125
Design og håndverk	13
Elektrofag	177
Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign	52
Helse- og oppvekstfag	160
Håndverk, design og produktutvikling	19
Påbygg Vg3	25
Påbygg Vg4	27
Restaurant - og matfag	61
Teknikk og industriell produksjon	136
Total	795

Figuren viser resultater for alle klasser i skoleåret 2021-22. Det inkluderes kun data for elever med Elevstatus Elev (E) eller Sluttet (S) eller Alternativ opplæringsplan (A) og Elevtype Normal (N) eller International baccalaureate (I) eller Yrkes- og studiekompetanse - YSK (Y) og Skoletype Offentlig videregående skole.
Antall elever er per 01.10 i skoleåret. Data importeres fra VIGO.

Borgund vidaregåande opplever god søknad, og til dei fleste utdanningsprogramma er det oversøking.

Inntaket er noko komplisert – for vi har plass til 885 elevar *i tillegg til elevar som treng stor grad av tilrettelegging*. Desse søkjer skal etter reglane søkje seg inn på ønska utdanningsprogram, men plassane vert seinare frigjort til andre søkarar.

Det totalet talet på elevar i tabellen (795) per 01.10.21 stemmer difor ikkje, vi hadde 37 elevar som ikkje vart rekna med.

Tabellen på neste side viser samanhengen mellom tal på plassar og tal på elevar per 01.10.21.

Elevplassar på Borgund vgs

Elektronikk og datateknologi					
1EL1	15		2ELD1	15	
1EL2	15		2ELE1	15	
1EL3	15		2ELE2	15	
1EL4	15		2ELK1	12	
1EL5	15		3ELAU1	12	
2ELA1	12		3ELDA1	12	Plass:**180**
			3ELMA1	12	01.10.21: **177**
Helse og oppvekst					
1HS1	15		2HSH1	15	
1HS2	15		2HSS1	15	
1HS3	15		2HSS2	15	
1HS4	15		3HSHE1	12	
1HS5	15		3HSAP1	12	
2HSA1	15		3HSHU1	12	Plass: **186**
2HSA2	15				01.10.21: **160**
Restaurant og Matfag					
1RM1	15		2RMK1	15	
1RM2	15		2RMK2	15	Plass: **90**
1RM3	15		2RMM1	15	01.10.21: **61**
Bygg og anlegg					
1BA1	15		2BAA1	12	
1BA2	15		2BAA2	12	
1BA3	15		2BAB1	15	
1BA4	15		2BAB2	15	Plass: **129**
			2BAK1	15	01.10.21: **125**
Håndverk, design og produktutvikling					
1DT1	15		2DTS1	12	Plass: **27** – per.01:**19**
Frisør, blomster, interiør og produktutvikling					
1FD1	15		2DHF1	15	
1FD2	15		2DHI1	15	Plass: **72**
			3DHIN1	12	01.10.21: **52**
Teknologi og industrifag					
1TP1	15		2TPB1	10	
1TP2	15		2TPIT1	15	
1TP3	15		2TPIT2	15	
1TP4	15		2TPKJ1	15	Plass: **145**
1TP5	15		2TPKJ2	15	01.10.21: **136**
Påbygg					
3PB	28		4PB	28	Plass: **56**
					01.10.21: **52**
					Til saman: 885

ATO – Avdeling for Tilrettelagt Opplæring
Skoleåret 21-22 hadde avdelinga 15 elevar. Alle med individuell opplæringsplan.
Under pandemien var dette eit tilbod som vart prioritert, då elevane vart vurdert som sårbare og utan utbytte av digital undervisning. Elevane fekk difor kome på skole kvar dag.

YO – Yrkes Opplæring
Her var det 22 elevar, også dei med individuell opplæringsplan. Elevane på YO har gruppeundervisning i enkelte fellesfag, men med individuelle kompetansemål. Elevane på YO er mykje ute i arbeidspraksis, då målsetjinga i løpet av skolegangen er å finne noko dei likar og meistrar, og som kan verte varig arbeid.

Særskilt norskopplæring
Skolen hadde 140 elevar med eit anna morsmål, fordelt på om lag 30 språk. Det var gjort 72 vedtak om rett til særskilt norskopplæring, noko som er litt færre enn året før.

Tal på vedtak	Elevar på vg1	Elevar på vg2	Elevar på vg3
72	39	27	6

- 4 elevar takka nei til særskilt norsk.

2.3 Fråvær

2.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

Fravær, gjennomsnittlig dager og timer, Totalfravær i prosent

	Fravær, dager	Fravær, timer	Totalfravær, prosent
Vg1	2,5	13,8	2,7
Vg2	2,9	14,0	3,0
Vg3	3,1	10,3	2,7
Vg4	1,3	7,1	2,2
"Total"	2,7	13,2	2,8

Figuren viser resultater for alle klasser i skoleåret 2021-22. Det inkluderes kun data for elever med Elevstatus Elev (E) eller Alternativ opplæringsplan (A) og Elevtype Normal (N) eller International baccalaureate (I) eller Yrkes- og studiekompetanse - YSK (Y) og Skoletype Offentlig videregående skole. Data er hentet 15. august 2022.
Indikatoren viser gjennomsnitt av summen av fraværstimer og fraværsdager omregnet til fraværstimer, delt med antall årstimer for det enkelte utdanningsprogram (se oversikt på UDIRs læreplanssider). Antallet årstimer kan variere utenfor den standardiserte formelen som er brukt. Dette skyldes at utvalget regner med deltidselever og elever som har flere enn det standardiserte timeantallet. Vær oppmerksom på at det mangler fraværsinformasjon for noen elever. Data importeres fra VIGO.

2.3.2 Totalfråvær siste tre år

Totalfravær, prosent

	2021-22	2020-21	2019-20	Fylket
"Total"	**2,8**	**2,4**	**3,2**	**2,8**


Figuren viser resultater for alle klasser i skoleåret 2021-22. Det inkluderes kun data for elever med Elevstatus Elev (E) eller Alternativ opplæringsplan (A) og Elevtype Normal (N) eller International baccalaureate (I) eller Yrkes- og studiekompetanse - YSK (Y) og Skoletype Offentlig videregående skole.
Indikatoren viser gjennomsnitt av summen av fraværstimer og fraværsdager omregnet til fraværstimer, delt med antall årstimer for det enkelte utdanningsprogram (se oversikt på UDIRs læreplanssider). Antallet årstimer kan variere utenfor den standardiserte formelen som er brukt. Dette skyldes at utvalget regner med deltidselever og elever som har flere enn det standardiserte timeantallet. Vær oppmerksom på at det mangler fraværsinformasjon for noen elever. Data importeres fra VIGO.

Rett nok starta ein opp skoleåret med «gamle fråværsreglar», men dette vart raskt endra. Helserelatert fråvær skulle ikkje førast på vitnemålet, og elevane trengte ikkje dokumentasjon frå fastlege, det var nok med eigenmelding/ melding frå føresette. Fråværet skuleåret 2021-22 var vesentleg høgare enn 2,8 % som statistikken viser.

Utfordringa med stort fråvær er først og fremst at det er vanskeleg å lære det ein skal utan rett utstyr, materiell og rettleiing, på skolen brukar elevane maskiner og verktøy dei færraste har tilgang til heime. Eit anna problem er at grunnlaget for vurdering kan verte så mangelfullt at lærar ikkje kan setje karakter.

3. Læringsmiljø


3.1 Overblikk frå Elevundersøkinga



Generelt er det gode resultat frå Elevundersøkinga, der ein ligg over snittet i Fylket på 10 av indikatorane, og berre under på 3.

Mobbing på skolen, prosent

	2021-22	2020-21	2019-20	Fylket
"Total"	3,2	5,3	5,7	2,3



Talet på elevar som opplever at dei vert mobba på skolen har gått markant tilbake siste året. Det er svært gledeleg, og vi håper at noko av grunnen til dette er fokuset og tiltak som vi har vorte einige om i Handlingsplanen.

Samtidig var dette eit år der elevane i store periodar skulle halde seg på klasserommet, og ikkje blande seg så veldig. Vi fordelte handletider i kantina og gjorde ulike tiltak for at det ikkje skulle vere for store grupper samla i fellesareala. Dette kan også ha ført til ei demping av talet på konfliktar.

Meistring er eit sentralt tema i all læring. Vi har dette som eit punkt i vår Handlingsplan; *at alle elevane skal oppleve meistring i løpet av skuledagen*. Med bakgrunn i generelt lave karakterpoeng og dermed færre meistingsopplevingar i ungdomsskulen, kan våre elevar på VG1 få ein boost dersom dei opplever å meistre nye fag og oppgåver på VG1.

Korleis dette vert gjort reint praktisk vert opp til lærarane, men arbeidet kan knytast saman med ny vurderingsforskrift og vere tema på både fagmøter og i planlegging av undervisning.

Trivsel er ein annan sentral faktor. Vi har ein liten tilbakegang frå i fjor, og ligg på snittet til fylket. Ambisjonen vår er at elevane skal trivast godt, og vi laga fleire tiltak i Handlingsplanen i høve dette. Både det å møte elevane med respekt og å helse på kvarandre var konkrete tiltak som vi håpte kunne betre trivselen, samtidig med ulike tiltak på både klasse, avdeling og skulenivå.

3.2 Vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

Elevrådet har hatt 8 møter og handsama 57 saker.
Med tillitsvalte frå 60 klasser, stadig skifte av smittevernnivå og ulike klasser i karantene var det eit krevjande år å få kontinuitet i elevrådsarbeidet. På ein rein yrkesfagleg vgs vil det alltid vere utfordrande å få til godt elevrådsarbeid nettopp fordi elevar står i arbeid eller undervisning som det er vanskeleg å forlate, eller fordi dei har undervisning eller er arbeidspraksis andre stadar.

Saker som var særleg viktige sist skoleår var å få til ulike arrangement til glede for elevane. Julekalenderen vart «ramma» av nedstenging før jul, men påskeegga som vart gøymde rundt om på skulen vart ein stor suksess!
Dei fekk også på plass ein Aktivitetsdag før sommarferien, og stod på for at vi skulle få til «Borgund-pride» nest siste skuleveka.

Rektor har ansvaret for elevrådet, og det har slik vore tett kontakt mellom skoleleiing og elevråd når ulike aktivitetar i regi av elevrådet har blitt gjennomført. Leiing og elevrådsstyret har nytta eit eige teams for alle elevane for informasjonsflyt og kommunikasjon.
Elevrådet har vore med på evaluering av sist Handlingsplan og spurt om råd i høve ny, før denne vart utarbeidd.


Skuleutvalet og Skulemiljøutvalet er samanslåtte organ på Borgund vgs, og hadde 4 møter sist skuleår. Også her førte pandemien til noko ujamt oppmøte.

Leiar i elevrådet har møtt fast i Skuleutvalet og oppdatert dei andre om kva elevrådet er opptekne av.
Skuleutvalet har vore urolege for dei stramme økonomiske rammene til skolen, og at nybygget til elektro- og datateknologi dreg ut i tid. Dei har også diskutert mobbetala og gleda seg over godkjenninga som dysleksivennleg skole.

Den «raude tråden» i skuleutvalet går frå årsmelding frå sist skuleår – Ny Handlingsplan – resultat frå elevundersøking og årsrekneskap – til å drøfte ulike tiltak før ein igjen evaluerer og kjem med innspel til ny Handlingsplan.



Den nye vurderingsforskrifta har vi jobba med å implementere i ulike fora. Det har vore tema på både studiedagar, avdelingsmøter, fagmøter og vekeinformasjon. Å endre gammal vane er ikkje like lett for alle, men kombinasjonen av tydeleggjering av forskrifta og deling av «god praksis» i ulike fagfora har ført dei fleste over på ny vurderingspraksis.



3.3 Læringsmiljø

Utgangspunktet for skolens nye handlingsplan er føringar i "Fylkesstrategi for kvalitet" og resultat frå elevundersøkinga 2021. Målsetjinga vi har for arbeidet vårt er i samsvar med dei forventingane som ligg i Oppdragsavtalen frå fylkeskommunen.
Samtidig må ein vere merksam på at læringsmiljøet også skoleåret 2021-22 var prega av smitteverntiltak, digital undervisning og tidvis stort fråvær (både mellom elevar og tilsette). Kva konsekvensar desse to åra får på sikt i høve læring, samspel, digitalisering, læreplassar osv er vanskeleg å spå.


Skolen har hatt ein gledeleg nedgang i talet på elevar som meldte frå om mobbing, og i handlingsplanen er det lista opp fleire tiltak som vi håper skal vere med på at dette talet held seg lavt.
I tillegg har skolen ei elevteneste som vi meiner fangar opp mange av dei elevane som slit i skolekvardagen. Her er både rådgivar, OT, helsesjukepleiar og NAV i skole samlokalisert.
Borgund vgs har også skolevakt som går rundt i gangar og fellesareal. Skolevakta er ein trygg vaksen som kan vere tett på dersom noko oppstår.
Andre trivselstiltak er trening i Borgundhallen på tysdagskveldane. Også her la koronareglane ein dempar på aktiviteten dette skoleåret, og gruppa som møtte fast vart ikkje så stor som før.
Skoleåret 21-22 forsøkte vi oss også med «Leksekafe» og «Torsdagsfrukost». Det eine tiltaket traff dårleg, det andre har vore ein suksess. Etter innspel frå elevrådet har vi gjort tilpasningar inn i dette skoleåret.

Skolen har system for å sette i gang IKO-grupper (identifisering, kartlegging og oppfølging) og meistringsgrupper i samarbeid både med den kommunale helsetenesta og helsesjukepleiarane på skolen. Skolen har også eit samarbeid med BUP på systemnivå. Skolen har dei siste åra vore med på VIP-prosjektet; veiledning og informasjon om psykisk helse. Dessverre var dette noko vi ikkje hadde kapasitet til å organisere sist skoleår.

Det har ikkje vore gjort enkeltvedtak knytt til det fysiske miljøet dette skoleåret.
Det vart laga 3 planar med bakgrunn i aktivitetsplikt jf. § 9A-4 i opplæringslova (det psykososiale miljøet).

4. Læringsresultat

Samlet karaktersnitt



Figuren viser resultater for alle klasser i skoleåret 2021-22. Det inkluderes kun data for elever med Elevstatus Elev (E) eller Sluttet (S) eller Alternativ opplæringsplan (A) og Elevtype Normal (N) eller International baccalaureate (I) eller Yrkes- og studiekompetanse - YSK (Y) og Skoletype Offentlig videregående skole.
Indikatoren viser samlet karaktersnitt for alle fag det gis karakterer i. Indikatoren inneholder ikke halvvårsvurderinger. Samlet karaktersnitt beregnes som karakterpoengsum/10. Elever med en karakterpoengsum = 0 er tatt ut. Velger man å sammenligne skoleår, vises det ikke individprogresjon. Ikke alle elever har en tilgjengelig karakterpoengsum. Data importeres fra VIGO.

Denne figuren diskuterte vi også i fjor:

- Vert elevane dummare av å gå her?
- Eller er vi for strenge med karakterane i høve andre skular?

Dette er stort sett standpunktkarakterar, og det er dermed vanskeleg å kalibrere seg mot andre skular sin praksis.

Ein kan likevel merke seg at trendane er «stabile»:


- Også i fjor låg vi 0,3 under snittet på fylket
- Også i fjor låg vi markant over på elektrofag
- Også i fjor scorar vi dårlegast på Helse- og oppvekstfag vi: -0,45 (-0,35 sist)
- Også i fjor er vi markant under på TP: -0,29 (-0,19 sist)

5. Gjennomføring

5.1 Inntak Vg1 - føresetnader

5.1.1 Karakterpoengsum frå grunnskolen

Karakterpoengsum fra grunnskolen



Figuren viser resultater for alle klasser i skoleåret 2021-22. Det inkluderes kun data for elever med Elevstatus Elev (E) eller Sluttet (S) eller Alternativ opplæringsplan (A) og Elevtype Normal (N) eller International baccalaureate (I) eller Yrkes- og studiekompetanse - YSK (Y) og Skoletype Offentlig videregående skole.
Karakterpoengsum fra grunnskolen er basert på elevenes karakterpoengsum fra grunnskolen, som regner med standpunktkarakterer i alle fag. Elever med en karakterpoengsum = 0 eller ukjent karakterpoengsum er samlet i gruppen 'Ukjent'. Ikke alle elever har en tilgjengelig karakterpoengsum fra grunnskolen. Data importeres fra VIGO.

5.1.2 Karakterpoengsum frå grunnskolen siste fem år

Karakterpoengsum fra grunnskolen

	2021-22	2020-21	2019-20	2018-19	2017-18
"Total"	38,2	37,3	36,5	36,6	36,3

Figuren viser resultater for alle klasser i skoleåret 2021-22. Det inkluderes kun data for elever med Elevstatus Elev (E) eller Sluttet (S) eller Alternativ opplæringsplan (A) og Elevtype Normal (N) eller International baccalaureate (I) eller Yrkes- og studiekompetanse - YSK (Y) og Skoletype Offentlig videregående skole.
Karakterpoengsum fra grunnskolen er basert på elevenes karakterpoengsum, beregnet på grunnlag av eksamen og standpunktkarakterer. Elevene må ha gyldig karakter i minst halvparten av fagene. Elever med en karakterpoengsum = 0 er tatt ut. Ikke alle elever har en tilgjengelig karakterpoengsum fra grunnskolen. Data importeres fra VIGO.


Poengsnittet til elevane som kom inn på Borgund vgs har altså stige med nesten 2 heile poeng på 2 år, og isolert sett har vi kanskje aldri hatt så «sterke» elevar som sist skuleår. Opplevinga til mange av lærarane var derimot at elevane generelt var svakare enn før…

Ser ein på korleis fordelinga av elevar med stor og mindre stor poengsum frå ungdomsskulen er (5.1.1), så ser ein at Borgund vgs hovudsakleg rekrutterer elevar med mellom 30 – 45 grunnskulepoeng, noko som er langt under snittet for fylket.

5.2 Fullført og bestått

5.2.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått, prosent



Figuren viser resultater for alle klasser i skoleåret 2021-22. Det inkluderes kun data for elever med Elevstatus Elev (E) eller Sluttet (S) eller Alternativ opplæringsplan (A) og Elevtype Normal (N) eller International baccalaureate (I) eller Yrkes- og studiekompetanse - YSK (Y) og Skoletype Offentlig videregående skole.
Indikatoren viser til andelen elever som fullfører og består et skoleår, av alle elever som er registrert i videregående opplæring per 1.10 hvert skoleår. Det vil si at indikatoren er basert på skoleårsmålinger og ikke på årskull. Elever som har sluttet før 1.10 hvert skoleår er tatt bort. For elever som har byttet skole / utdanningsprogram / klasse internt i fylke gjelder siste registrering. Data importeres fra VIGO. Antall elever viser til nevner i figuren over.

5.2.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Fullført og bestått

	Vg1	Vg2	Vg3	Vg4	Total
Bygg- og anleggsteknikk	80,7	88,2			84,8
Design og håndverk			100,0		100,0
Elektrofag	94,5	97,1	88,6		94,4
Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign	67,9	83,3			75,0
Helse- og oppvekstfag	92,4	82,3	90,6		88,1
Håndverk, design og produktutvikling	88,9	40,0			63,2
Påbygg Vg3			80,0		80,0
Påbygg Vg4				96,3	96,3
Restaurant - og matfag	63,6	64,3			63,9
Teknikk og industriell produksjon	78,9	90,8			84,6
Total	83,1	85,6	88,6	96,3	85,3

Figuren viser resultater for alle klasser i skoleåret 2021-22. Det inkluderes kun data for elever med Elevstatus Elev (E) eller Sluttet (S) eller Alternativ opplæringsplan (A) og Elevtype Normal (N) eller International baccalaureate (I) eller Yrkes- og studiekompetanse - YSK (Y) og Skoletype Offentlig videregående skole. Data er hentet 15. august 2022.
Indikatoren viser til andelen elever som fullfører og består et skoleår, av alle elever som er registrert i videregående opplæring per 1.10 hvert skoleår. Det vil si at indikatoren er basert på skoleårsmålinger og ikke på årskull. Elever som har sluttet før 1.10 hvert skoleår er tatt bort. For elever som har byttet skole / utdanningsprogram / klasse internt i fylke gjelder siste registrering. Data importeres fra VIGO. Antall elever viser til nevner i figuren over.

5.2.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

Fullført og bestått

	2021-22	2020-21	2019-20	2018-19	2017-18
"Total"	85,3	85,3	85,2	82,5	82,3

Figuren viser resultater for alle klasser i skoleåret 2021-22. Det inkluderes kun data for elever med Elevstatus Elev (E) eller Sluttet (S) eller Alternativ opplæringsplan (A) og Elevtype Normal (N) eller International baccalaureate (I) eller Yrkes- og studiekompetanse - YSK (Y) og Skoletype Offentlig videregående skole.
Indikatoren viser til andelen elever som fullfører og består et skoleår, av alle elever som er registrert i videregående opplæring per 1.10 hvert skoleår. Det vil si at indikatoren er basert på skoleårsmålinger og ikke på årskull. Elever som har sluttet før 1.10 hvert skoleår er tatt bort. For elever som har byttet skole / utdanningsprogram / klasse internt i fylke gjelder siste registrering. Data importeres fra VIGO. Antall elever viser til nevner i figuren over.

Fullført og bestått er 85,3% - nesten uforandra dei siste 3 åra. Og sjølv om dette er 3,8% under snittet for fylket, så er dette eit svært godt resultat når ein samanliknar seg med andre yrkesfaglege vidaregåande skolar i landet.
Her må ein også huske all forsking som viser at elevar med lav inntakspoengsum frå ungdomsskulen har mindre utsikter til å fullføre vidaregåande skole.

Gjennomføringsprosenten er hjå oss lavast på dei utdanningsprogramma med lavast gjennomsnittleg inntakskarakter og mange framandspråklege elevar.

Det er 40 elevar som har fullført med ikkje bestått (karakter 1) i eitt eller fleire fag. Desse har rett til ny, utsett eller særskild eksamen.
Dette er ein auke frå året før – då det berre var 30 elevar i denne kategorien.

5.3 Elevar som har slutta

5.3.1 Tal på elevar som har slutta


Sluttet, antall

	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Bygg- og anleggsteknikk	2	4		6
Elektrofag	2	1		3
Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign	3	3		6
Helse- og oppvekstfag	2	1	2	5
Håndverk, design og produktutvikling		1		1
Påbygg Vg3			2	2
Restaurant - og matfag	7	2		9
Teknikk og industriell produksjon	4	3		7
Total	20	15	4	39

Figuren viser resultater for alle klasser i skoleåret 2021-22. Det inkluderes kun data for elever med Elevstatus Elev (E) eller Sluttet (S) eller Alternativ opplæringsplan (A) og Elevtype Normal (N) eller International baccalaureate (I) eller Yrkes- og studiekompetanse - YSK (Y) og Skoletype Offentlig videregående skole.
Indikatoren viser andelen elever som har sluttet opplæringen i løpet av skoleåret, av alle elever som er registrert i videregående opplæring per 1.10 hvert skoleår. Det vil si at indikatoren er basert på skoleårsmåling og ikke på årskull. Elever som har sluttet før 1.10 hvert skoleår er tatt bort. Alle årsakskategorier fra vigo til at elever slutter i opplæringen er medregnet. Data importeres fra VIGO. Antall elever viser til nevner i figuren over.

5.3.2 Elevar som har slutta fordelt på utdanningsprogram, prosent

Sluttet, prosent



Figuren viser resultater for alle klasser i skoleåret 2021-22. Det inkluderes kun data for elever med Elevstatus Elev (E) eller Sluttet (S) eller Alternativ opplæringsplan (A) og Elevtype Normal (N) eller International baccalaureate (I) eller Yrkes- og studiekompetanse - YSK (Y) og Skoletype Offentlig videregående skole.
Indikatoren viser andelen elever som har sluttet opplæringen i løpet av skoleåret, av alle elever som er registrert i videregående opplæring per 1.10 hvert skoleår. Det vil si at indikatoren er basert på skoleårsmåling og ikke på årskull. Elever som har sluttet før 1.10 hvert skoleår er tatt bort. Alle årsakskategorier fra vigo til at elever slutter i opplæringen er medregnet. Data importeres fra VIGO. Antall elever viser til nevner i figuren over.

På Borgund vgs har vi arbeidd målretta for at elevar som av ulike grunnar ikkje kan fullføre alle fag, skal ha skolen som base og kunne ta nokre fag. Dette fordi vi reknar det som sikkert at dersom elevane heilt sluttar på skole, kan det føre til eit varig utanforskap.

Fagområda med størst fråfall er dei same som året før. Dette heng saman med lave inntakspoeng og sekundærynskje; det er heilt naturleg at det er færre som kjem seg gjennom eit utdanningsløp dersom dette ikkje er førsteønsket.

5.4 Overgangar

Hausten 2021 fekk vi arrangert både hospitering og karrieredagar, men då vi nærma oss søknadsfristen var det på nytt restriksjonar. Vi fekk derfor laga ein «digital fagsafari», som vart distribuert ut på ungdomsskolane.

For å sikre gode overgangar for sårbare elevar frå ungdomsskolen til vidaregåande skole, gjer avdelingsleiarane ein formidabel innsats med systematisk gjennomgang av A-, B- og R-skjema for å finne ut korleis skolen skal møte den enkelte elev på best muleg måte. I samråd mellom avdelingsleiar, rådgivar og PPT, blir ungdomsskolane kontakta ved behov. Gjennomgangen av skjema blir sett opp mot inntakspoeng ev. tidlegare spesialundervisning og/eller tilrettelegging. Avdelingsleiarane samarbeider også på tvers i skolen for å sikre at kvar enkelt elev får det best muleg tilpassa tilbodet ut frå det dei er tatt inn på. Informasjonen blir så formidla til lærarane i planleggingsveka før skolestart. PPT er med for å gå gjennom sakkunnige vurderingar. Same framgangsmåte vert nytta for overgangar i vidaregåande opplæring.

Elevtenesta med rådgivar, helsesjukepleiar, NAV og PPT arbeider systematisk saman med avdelingsleiar på den enkelte avdeling for å sikre særleg dei sårbare elevane ein god overgang til neste skoleår eller arbeid i bedrift, enten det er i form av opplæringskontrakt, lærekontrakt eller utprøving i arbeid.

I skolen sin Handlingsplan står det at avdelingane skal bruke «Formidlingsrekneskap». Dette er eit nyttig verktøy både for å halde oversikt over status i formidlinga, lærebedrifter og samanhengen mellom utplassering og lærekontrakt.

6. Leiing og profesjonsutvikling

I «Fylkesstrategi for kvalitet 2021-2025» står det om indikatorar ein legg til grunn for å vurdere kvaliteten på arbeidet med leiing og profesjonsutvikling:

- Skolane drøftar pedagogiske utfordringar, på tvers av leiing og lærarkollegium, for å styrke det profesjonsfaglege fellesskapet.
- Skolen har arenaer for felles refleksjon og læring der lærarane samarbeider om planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa.
- Leiardialogen fremjar skoleutvikling og godt samarbeid, både mellom kompetansesjefen og den enkelte skole, og på tvers av skolane.
- Ein legg til grunn medarbeidarundersøkingar for å vurdere tilsette si oppleving av eigen arbeidskvardag

Borgund vgs har lange tradisjonar for å bruke mykje møtetid for å styrke det profesjonsfaglege fellesskapet.

Både lærarane og leiinga drøftar korleis skolens kommunikasjon og arbeidsmåtar kan utviklast. Det skjer både i teammøta (der ein reflekterer kring korleis ein skal møte elevane på ein god måte), i avdelingsmøta der ein drøftar både pedagogikk, didaktikk og fagleg fornying, og i fagmøta der fokuset er faga og utvikling av desse, nye didaktiske tilnærmingar, måtar å vurdere på som fremjar læring osb. Vidare har både avdelingsressursteammøta, felles ressursteammøta og leiarmøta tid til å reflektere for felles læring.

Samtidig må vi vere så ærleg å seie at også skoleåret 2021-22 vart prega av pandemien. I periodar måtte møter gjennomførast digitalt, med dei avgrensingar dette har for å få til gode refleksjonar. Det at det heller ikkje vart gjennomført nettverksmøter på vanleg måte, det var eit stort sakn for faglærarane å ikkje få treffe andre lærarar på tvers av skolar.

I skolens Handlingsplan var det to punkt som handlar om utvikling av felles kompetanse:

- Alle tilsette får kunnskap om dysleksi
- Vi samarbeider om ein plan for fagleg påfyll i høve utfordringar i elevgruppa (psykisk helse, digital dømmekraft, rus, mobbing)

Det første fekk vi til, mellom anna med førelesingar i regi av Dysleksi Norge.
Ein felles plan eller særleg fagleg påfyll utanfrå viste seg derimot vanskeleg.

4 lærarar er i gang med vidareutdanning, og 3 har starta opp på PPU.

Skolen fekk tildelt midlar innan **desentralisert ordning for kompetanseutvikling**:
(I ordninga kan målgruppa søke om midlar til kompetanseheving, slik som samlingar, kurs, hospitering og samarbeid om YFF-faget)

Frisør, blomster, interiør og produktutvikling - 57 000 kr til hospitering
Helse og oppvekstfag – 90 000 kr til hospitering og samarbeid
Bygg- og anleggsteknikk - 40 000 kr til kurs og fagleg oppdatering

Skolen fekk også tildelt midlar innan **yrkesfaglærar 2** – ordninga
(Yrkesfaglærar 2 går ut på at fagpersonar frå arbeidslivet blir direkte involvert i opplæringa på yrkesfag. Ordninga skal bidra til å forsterke samarbeidet mellom skole og arbeidsliv, og auke elevane sitt læringsutbytte og motivasjon for faga. Ordninga skal også bidra til å heve lærarane sin kompetanse.)

Bygg- og anleggsteknikk – 23 400 kr
Frisør, blomster, interiør og produktutvikling – 94 400 kr